

## Suksesskveld med dei 3 professorane

18.10.2014



3 professorar og ein møteleiar før samtalen i kyrkja

**Tormod Myklebust hadde ideen om å samla Uskedalens 3 professorar til samtale i kyrkja på tampen av jubileumsåret. Det var ein glimrande ide. Det kom 80 for å høyre på dei og både Jørn Øyrehagen Sunde (rettshistorie), Dag E. Helland (bioteknologi) og Reidar Myklebust (anatomi) imponerte med kunnskapsnivå og slagferdighet.**



- og etterpå vanka det fortente blomar, Tormod Myklebust lengst til venstre, hadde ideen Utan at vi vil dele ut karakterar tek vi med kva Øyrehagen

Sunde sa om sin kollega Myklebust då temaet var korleis menneska har plaga kvarandre i religionens namn:

- Kanskje er det tanken som er ond.

Øyrehagen meinte det var det beste som vart sagt denne kvelden.

Men møteleiar, sokneprest i Bømlø, Aksel Lygre, fortener også blommar for suksessen, som ga kyrkjejubileet ein ny og ekstra dimensjon. God førebuing og eksakte spørsmål prega jobben hans saman med at han gav det heile ei kyrkjeleg innramming. Programmet toppa seg med prestens sitat frå Korintierbrevet om at kjærleiken er det største.

Dei 3 professorane var tydelegvis samde om at deira beste oppleving er når dei får positiv attendemelding frå studentane sine om at kunnskapen har gått heim.

Helland peika på at det er mykje ein aldri får svar på fordi kunnskapens grenser stadig vert flytta.

Mykje av samtalen i kyrkja handla om begrepet menneskeverd - mellom anna med Danmarks aborthaldning overfor fostre med Dawns syndrom som døme.

Reidar Myklebust stilte fleire sentrale spørsmål, Han viste mellom anna til at alle har en Gud og undra på om Gud er menneskeskapt. Lykre svara at Gud er ein objektiv størrelse. Vi har ikkje sett han, men Jesus har vist oss korleis han er.

Myklebust meinte også å kune påvisa ein feil i Bibelen når det står at kvinna vart skapt av eit ribbein frå mannen, Han har framleis 12.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen